

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 06.03.2018**

Fylkesordføraren opna møtet.

Til å skrive under møteboka saman med fylkesordføraren vart Øyvind Strømmen, MDG, og Marte Hammer, SV, valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skrive under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Det var kulturinnslag v/Hordaland Teater og utdrag av oppsetninga «Heim». Teatersjef Solrun Toft Iversen introduserte stykket og skodespelarane Sigrid Moldestad (song) og Sigurd Sæle (song og gitar).

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

Etter talane var det ordskifte. 13 representantar hadde ordet.

**Aud Karin Oen, SV**, opplyste om at det vil verta lagt fram eit forslag til fråsegn om: «Den afganske familien som blei pågrepne 23. februar av politiet på Fitjar».